TINGLYST
DOKUMENTNR.: 766910
23 JAN 2023
STATENS KARTVERK

# HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND JORDSKIFTERETT

Organisasjonsnummer 926726951

# Tinglysingsutdrag

| | |
|---|---|
| Sak: | 22-048095RFA-JHOS Mannes |
| Gnr.: | 11 |
| Kommune: | Karmøy |
| Saka gjeld: | Grensefastsetting for grunneiendom |

Slutta ved jordskifteretten:
31.10.2022

*Dette er eit tinglysingsutdrag som inneheld alle opplysningar av varig verdi og som skal tinglysast, jf. jordskiftelova § 6-31.*

## RETTSMEKLINGSPROTOKOLL

**Dato:** 06.10.2022

**Stad:** Karmøy rådhus

**Sak:** 22-048095RFA-JHOS Mannes

**Kravet gjeld:** *Grensefastsetting for grunneiendom*

**Rettsmeklar:** Kjell Steinsbø

**Teknisk utgreiar:** Overingeniør Magnus Ilstad Svandal

**Protokollførar:** Emma Kristine Vedøy

**Saka er krevd av:** Reidun Simonsen Vedøy og Sverre Vedøy

| **Partar** | **Prosessfullmektigar** | **Kommune** | **Gnr.** | **Bnr.** |
|---|---|---|---|---|
| Sverre Vedøy<br>Reidun Simonsen Vedøy | | Karmøy (1149) | 11 | 16 |
| Dagfinn Larsen | | Karmøy (1149) | 11 | 81 |
| Johnny Mannes | | Karmøy (1149) | 11 | 81 |
| Elisabeth Mannes | Verner Mannes | Karmøy (1149) | 11 | 81 |

……………………………………………………..

# RETTSFORLIK

Gnr. 11 bnr. 16, Reidun Simonsen Vedøy

Gnr. 11 bnr. 16, Sverre Vedøy

Gnr. 11 bnr. 81, Johnny Mannes

Gnr. 11 bnr. 81, Dagfinn Larsen

Gnr. 11 bnr, 81, Elisabeth Mannes

Partane er kjent med at eit rettsforlik har same verknad som ein rettskraftig dom, og kan ikkje ankast. Partane vart under rettsmekling den 06.10.2022 i sak 22-048095RFA-JHOS Mannes i Karmøy kommune samde om slikt

**rettsforlik:**

1. Grensa mellom gnr. 11 bnr. 16 og bnr. 81 går frå kors med koordinat nord: 6577531,23 aust: 282971,98) i nordaustre hjørne av bnr. 16 til nordaustre hjørne av huset på bnr. 16, sin 2. etasje. Går derifrå til nordvestre hjørne av 2. etasje på bnr. 81 sitt hus. Gnr. 11 bnr. 81 har eigedoms- og råderett over muren langs grensa.

2. Gnr. 11 bnr. 81 skal ha tilkomst og fortøyingsrett i nordvestre hjørne av bnr. 16 sin trebrygge.

3. Så lenge gnr. 11 bnr. 81 vært nytta som i dag, skal bnr. 81 kunne nytta bnr. 16 sine to eksisterande vannutkastarar. Dersom bnr. 16 installerer vannmålar på sin eigedom, vil han kunne setje opp vannmålar til ein vannutkastar for bnr. 81, som då må betale for brukt vatn. Kostnaden med feil, manglar og vedlikehald på vassledning er gnr. 11 bnr. 16 sitt ansvar.

4. Gnr. 11 bnr. 16 og 81 pliktar å halde seg innanfor sine sektorliner.

5. Sverre Vedøy skal levere ferdig flytedel innan utgangen av mars 2023, til flytebrygge størrelse 9 x 2,5 meter. Han leverer også treverk, boltar, skruar til kostpris, om dette er ønskeleg. Gnr. 11 bnr. 81 får også tilbod om å ferdigstille brygga i Vedavågen røyr sitt uteområde innan utgangen av april 2023.

6. Jordskiftekostnadane vert fordelt likt mellom eigedommane.

7. Jordskifteretten skal måle, kartfeste og eventuelt merke grensa.

8. Partane ber om at saka vert heva som forlikt og fråfell krav om forkynning av hevingsordskurd.

Karmøy rådhus

06.10.2022

Johnny Mannes

Dagfinn Larsen

Sverre Vedøy

Gnr. 11 bnr. 16

For Reidun Simonsen Vedøy

Gnr. 11 bnr. 16

Sverre Vedøy

Gnr. 11 bnr. 81

Johnny Mannes

Gnr. 11 bnr. 81

Dagfinn Larsen

Gnr. 11 bnr. 81

For Elisabeth Mannes

Kjell Steinsbø

Rettsmeklar

.........................................................................

## JORDSKIFTEAVGJERD

**Dato:** 31.10.2022

**Stad:** Jordskifteretten sitt kontor på Stord

**Sak:** 22-048095RFA-JHOS Mannes

**Saka gjeld:** Grensefastsetjing

**Rettsleiar:** Jordskiftedommar Oddmund Roalkvam

**Teknisk utgreiar:** Magnus Ilstad Svandal

| Partar | Prosessfullmektigar | Kommune | Gnr. | Bnr. |
|---|---|---|---|---|
| Sverre Vedøy<br>Reidun Simonsen Vedøy | | Karmøy (1149) | 11 | 16 |
| Dagfinn Larsen | | Karmøy (1149) | 11 | 81 |
| Elisabeth Mannes | | Karmøy (1149) | 11 | 81 |
| Johnny Mannes | | Karmøy (1149) | 11 | 81 |

.........................................................................

**Grenser**

Oppgitte koordinater (x, y) er i meter. Koordinatane har ei nøyaktigheit tilsvarande områdetype 1, det vil seie forventa presisjon betre enn 0,1 meter.

Dei oppgjevne avstandane er horisontalmål. Retningane er i høve til kart nord med sirkelen delt i 400 gon. Dette gjev nord = $0^g$, aust = $100^g$, sør = $200^g$ og vest = $300^g$. Om ikkje anna er presisert, går grensene i rette linjer mellom grensepunkta.

Berre dei grensene som er skildra i denne grenseskildringa blir fastsette med rettsleg bindande verknad i denne saka. Andre grenser som er lagt inn på kartet, er teke ut frå matrikkelkartet, og er ikkje behandla av jordskifteretten.

*Venstre* og *høgre* i grenseskildringa nedanfor, er i forhold til retninga grensa har frå startpunkt til endepunkt.

Grensene går fram på grensekart 22-048095RFA-JHOS, i målestokk 1:400, datert 31.10.2022.

Grense 1
Eigedom til venstre: Gnr. 11 bnr. 16
Eigedom til høgre: Gnr. 11 bnr. 81

| Punktnr | Skildring | Retning | Avstand | X-koordinat | Y-koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| *M1* | *Kors i fjell* | | | *6577531,23* | *282971,98* |
| | | 352,64 | *7,11* | | |
| 1 | Umerka grensepunkt(hushjørne i 2.etasje) | | | 6577536,46 | 282967,17 |
| | | 350,97 | 7,56 | | |
| 2 | Umerka grensepunkt(hushjørne i 2.etasje) | | | 6577541,88 | 282961,91 |

Grensa held fram vidare i same retning utover i sjøen.

Det fastsette grenseforløpet tek til i felles grensepunkt for eigedomane gnr. 11 bnr. 16, 30 og 81 slik det er innteke i matrikkelen, men er ikkje rettsleg fastsett i forhold til gnr. 11 bnr. 30. Punktet med punktnummer M1 er eit tilknytingspunkt. Koordinatar og avstand i *kursiv* er tilknytingsdata henta frå matrikkelen.

Rett utdrag

Emma k. Vedøy

Emma Kristine Vedøy

Saka skal tinglysast på følgjande eigedomar:

| Kommune | Gnr. | Bnr. |
|---|---|---|
| Karmøy (1149) | 11 | 16 |
| Karmøy (1149) | 11 | 81 |
| Karmøy (1149) | 11 | 81 |
| Karmøy (1149) | 11 | 81 |

TINGLYST
DOKUMENTNR.: 76690
23 JAN 2023
STATENS KARTVERK
Siv Edvardsen